

Sykkylven kommune

18. juni 2010

HEKKANDE FISKEMÅKE PÅ HUSTAK

Viser til e-post av 18.6.2010.

Spørsmålet om fjerning av fiskemåker frå hustak er eit stadig tilbakevendande tema.

Frå www.seapop.no si side om fiskemåke:

"Fiskemåken er en av våre vanligste måker. Hekkebestanden er antatt å være minimum 135 000 par. Omtrent 25% av den europeiske bestanden av fiskemåke hekker i Norge. Derfor har vi et spesielt forvaltningsansvar for arten. Det har vært en økende tendens til hekking i innlandet, mens kystbestandene stort sett har gått tilbake, til dels betydelig."

Utgangspunktet for vurderinga er relativt oversiktleg: Noreg har eit særskilt ansvar for fiskemåka. Bestanden er i betydeleg tilbakegang. Det tyder at mange ulike tiltak for å avgrense hekkemoglegheitene for fiskemåka har ein verknad, truleg betydeleg verknad, og klart er i strid med dei pliktene Noreg har.

Tiltak mot hekking av fiskemåke er difor totalt uaktuelt med mindre det kan kompenseras med tilrettelegging for vellukka hekking andre stader ikkje så langt unna. § 11 i naturmangfoldloven heimler vel krav om tiltak, og ein gløtt til § 48, 2. ledd kan vel vere grei nok, sjølv om det helst går på vernevedtak og ikkje einskildartar sitt vern. Med ein bestand på vikande front bør ein også kunne krevje ein overkompensasjon.

Fiskemåka sine hekkelokalitetar er normalt små holmar der landpattedyr og menneske ikkje går på land. Vi menneske har i vår eiga interesse gjort oss næring på mink, og komen i skade for å sleppe han ut. Rundt husa våre har vi dessuten slept ut katten. Knerta hubroen og spent opp fangliner (høgspentliner) for han har vi også gjort, så raudreven ikkje lenger har naturlege fiendar. Ikkje nok med det, men vi har også sprengt bort knausar og bygd småholmane landfaste med industribygg og verksemd som resultat. Her har vi menneske gjort feil på feil når det gjeld fiskemåka. Men vi kan ikkje av den grunn kverke fiskemåkene som no held til på hustaka våre fordi dei er jaga frå der dei eigentleg budde.

Naturvernforbundet ser problemstillinga med fiskemåker på hustak nær oss, men viss vi skal gjere noko med problemet så må vi løyse problemet og ikkje berre

drepe det. Det betyr i klartekst å fjerne minken frå aktuelle holmar, halde katten unna og redusere raudrevbestanden frå dei delane av kulturlandskapet der fiskemåka kan hekke. For å bidra meir på dette området kan ein då setje opp brett på stake slik at fiskemåka har ein stad å legge reir der minken og raudreven ikkje kjem til, sjå nedanfor.

Naturvernforbundet meiner difor at Sykkylven Handelsforening i staden for å få løyve til å rydde reir heller skal bruke ressursane på å fange mink og setje opp reirbrett på stader slik at fiskemåka kan ha robuste bestandar utanom sentrum. Når ein ser dette har verknad kan ein vurdere nærare tiltak mot spesielt sjenerande reir, men generelt løyve til fjerning av reir osb. vil vere i strid med t.d. naturmangfoldloven § 10.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Klipp frå: <http://naturvernforbundet.no/rogaland/nyhetsarkiv/stor-maakebestand-paa-hustak-article15077-1276.html>



Hekkekasse for fiskemåke. Foto: Roy Mangersnes/www.wildphoto.no